



TRE FJORDAR

LAGSBLAD FOR: SOGN OG FJORDANELAGET | OSLO
NORDAHL BRUNS GATE 22, 0165 OSLO

NR. 5

2015

ÅRGANG 30

Sogn og Fjordanelaget i Oslo ynskjer alle hjartelig velkommen til

konsert med **Sigrid Moldestad** på den 88.
laurdag 7. november 2015 kl 19.00



Påmeldingsfrist er
tysdag 27. oktober.
Meld dykk på anten til:
Jofrid Holter, e-post:
jofrid.holter@senior:hioa.no
tlf. 975 91 542, eller til:
Anny Sollid, e-post:
anny.sollid@online.no

Sigrid Moldestad



Spelemannslaget Fjelljom



*Anne M. Sølvberg
Festleiar og meisterspelemann*

Naturen blømer i haustskrud...

det går mot smalahovegilde og klubbefest!

Vi held tradisjonane i hevd og inviterer til **smalahovegilde** på Sunnfjordhytta, Pustut, i Lillomarka **laurdag 17. oktober**.
Sjå omtale på side 5.

Klubbefesten laurdag 7. november i Nordahl Bruns gate 22.
Med dei finaste programkretene vi kan få:

Sigrid Moldestad, Arne Sølvberg, spelemannslaget Fjelljom.
Og sjølvsagt får du full klubbemiddag ved festpynta langbord.
Sjå meir omtale på dei følgjande sidene og meld deg på – med det same!

I strålende haustver vart Nordfjordhytta sine 55 år markert
med rjomegraut, spekjemat, kaffi og kaker – ei svært triveleg
samkome på ei godt ivaretaka hytte!
Bilete og meir omtale på sidene 6 til 9.

*Velkomne på tilskipingane, kvar og ein
og ta gjerne med vener og kjende!*

Anny Sollid
Lagsleiar

Sogn og Fjordanelaget i Oslo ynskjer alle hjarteleg velkomne til

konsert med **Sigrid Moldestad** på den 88. laurdag 7. november 2015 kl 19.00

Til klubbefesten 7. november har vi fått det beste heimefylket kan by på av song og musikk i ein og same artist;

Sigrid Moldestad
med musikarar. Ho er både ein framifrå folkemusikar, visesongar, tonesetjar og tekstfattar. Sigrid Moldestad treng truleg ikkje nokon nærmare presentasjon, men vi nemner at ho har gjeve ut fleire eigne plater, seinast sjølvlagda tonar til Jan-Magnus Bruheim sine dikt i fjar, «Brevet til kjærleiken». Ho har delteke på ei vøle med kappleikar, hatt eit utsal konsertar og gjort stor suksess. Vi lovar at folk får oppleve "enj konsert de seint vil gleime"!

FOTO: Kristian Hosar ©



Nordfjordlaget 100 år
Det andre vi slett ikkje skal gløyme på denne klubbefesten, er at tidl.

Nordfjordlaget ville ha vore 100 år i år om det var eige lag framleis. Det skal markeraast med litt historikk i fleire bokar – og Nordfjordsongen og bokslapp (og bokhandel) på ei ny Nordfjordbok...

Arne M. Sølvberg skal vere festleiar. Det borgar for det beste; attetil at han er ein meisterspelemann, er han også ein ordkunstnar og rik på gode spelemannshistorier – og dessutan leiar i...

FOTO: Inge Fænn/Fjordingen ©



KLUBBEFESTEN
– ein fest for fjordingar, sogningar og anna godt folk...



FOTO: Kjell Thue ©

Spelemannslaget Fjelljom frå Stryn, dei skal spele inn klubben og utpå kvelden til dans!

Klubbefesten, haustens kulinariske og kulturelle høgdepunkt for utflytte fjordingar og sogningar og nærskyldje, samlar folk ved festpynta langbord i Storsalen for 88. gong!

Klubben/raspeballane vert laga på byggmjøl

steinmale på vass-
driva kvern av Erik
Ivar på Ulvedal i
Stryn, og blir ser-
vert med mykje
godt til, kaffi og
konfekt attpå...

Så få med deg
folk og kom
på Klubbe-
festen i
Storsalen
i Nordahl Bruns
g. 22, laurdag 7. nov. kl. 19!

Påmelding og pris:

Festen kostar berre 300 kr. for medlemmer og 450 kr. for andre. Det er svært rimeleg for full middag, fyrsteklasses underhaldning og dans til levande musikk!

Påmeldingsfrist er

tysdag 27. oktober.
Meld dykk på anten til:
Jofrid Holter, e-post:
jofrid.holter@senior.hioa.no
tlf. 975 91 542, eller til:
Anny Sollid, e-post:
anny.sollid@online.no

VIKTIG MELDING:

smalahoveetinga vert
laurdag 17. oktober kl. 19.00 på Pustut*

FOTO: Alv Reidar Dale ©



Svært god stemning på smalahovefesten i fjor...

Påmelding seinast onsdag 14.10. til Agnar Hegrenes,
tlf 924 96 438 (gjerne SMS) eller agnar.hegrenes@nibio.no
Hova skal vere klar til servering ca. kl 19.00. Laget ordnar
med maten, men kvar og ein syter for høveleg drikke.

Pris: kr 200 per person, kr 300 for dei som overnattar til
søndag. Kaker og kaffi er medrekna. Dei som vil overnatte,
må ta med sovepose/lakenpose og frukostmat/drikke.

Sogn og Fjordanelaget ynskjer alle som vil vere med og ete,
harteleg velkomne, til eit godt måltid svidne smalahove frå
Ivar Løne på Voss, med kålrot, poteter og flatbrød til.

Agnar Hegrenes
leiar i hyttestyret

* Sunnfjordhytta Pustut, som er renovert og vart gjenopna i fjor, ligg ved Sinober i Lillomarka. Gå anten
frå Snippen (stasjon på Gjøvikbana) i Maridalen eller frå Sagtomta i Nittedal (RV4 til skilting 'Lillomarka').

55-års jubileum på Nordfjordhytta

Strålande ver over Solfjell og 14 jubileumsstemte deltagarar. Finare råme kunne det knappast bli når hytta skulle feirast med sine 55 år sidan ho stod ferdig. Med flagget til topps, rømmegraut, kaffi og kaker vart det ei flott markering laurdag den 19. september. Også ved denne markeringa var vi så heldige å ha med oss ein av dei som var med på bygginga i 1958-60: Åge Sunde.

Laget stilte med sine fremste tillitsvalde: Anny Sollid og Alv Reidar Dale. Dei hadde med seg ei flott jubileumsgåve: eit hytteskilt laga av sogningen Jens Brekke av eit fint seljeemne. Plassering av skiltet (over hovuddøra) vart bestemt i plenum av jubileumsdeltakarane, og skrudd opp med det same.

Takk til initiativtakarane, Astrid Gjørven og Dagfinn Aa, for eit fint arrangement på hytta.

Tekst: Dagfinn Aa

Foto: Randi Solheim og Dagfinn Aa

Fleire bilete på nettsida <http://sognogfjordaneringen.no/55-ars-jubileum-pa-nordfjordhytta/>



Råma kunne ikkje bli finare; blå himmel og flagget til topps.



Kaffi og kaker høyrer med til jubileumsfeiring



Dei fleste av dei 14 jubileumsdeltakarane samla i hyttekroken.



Eit anna kaffi- og kakebord.



Frå laget fekk hytta denne flotte jubileumsgåva som Jens Brekke hadde laga av eit fint seljeemne



På plass over døra. Er det ikkje fint?

Rekeselskap på Nordfjordhytta 30.-31. mai

Dette vart ein dramatisk kveld, som deltararane vil hugse.

Etter eit hugnadsamt måltid måtte Astrid ut for ein blås. Der hørde ho hjarteskjerande rop om hjelp. Ropa gjentok seg hyppig. Sjølv om det var langt unna var det ikkje vanskeleg å oppfatta at det var rop om hjelp.

Klokka var litt over midnatt, så det var blitt ganske mørkt. Utstyrt med lommelykter, gav vi oss straks i veg i den retning ropa kom frå. Ropa vart tydelegare etter nærmere vi kom. Vi oppfatta etter kvart at det var ei jentestemme. Framleis eit godt stykke unna gav vi oss til kjenne. Jenta bekrefta tydeleg at ho trengte hjelp. Vi visste ingen ting om kva som ville møte oss når vi gjekk opp (på ein kolle) til jenta. Kanskje kunne der vere fleire? Kanskje var det noko kriminelt som hadde skjedd?

Underteikna gjekk fram til jenta med forsikring om at vi var komne for å hjelpe. Det som møtte meg var ei gråtande, fortvila, redd, frosen og skjelvande jente. På ingen måte kledd for å vere ute i skogen om natta. Ho kasta seg om halsen på meg og hulkegret. Medan vi stor der, snakka eg både med politiet og redningssentralen. Det var sett i gang leiteaksjon. Heldigvis hadde Anne-Lise bil på skogsvegen som går til Lommedalen. Etter avtale med politiet, køyrd Anne-Lise jenta ned til Lommedalsvegen. Der venta både politi, redningsmannskap, og ikkje minst far til jenta.

Den dramatiske hendinga vart naturlegvis samtaletema etter at vi var vel tilbake i hytta, og kunne roe oss ned med ein skarp i glaset. Den dag i dag veit vi ikkje kva som førte jenta opp i dette ulendte skogsområdet, eit godt stykke frå skogsvegen, men vi har spekulert mykje. Heldigvis gjekk det godt, kanskje fordi Astrid måtte ha seg ein røyk.

Aldri så gale....

Dagfinn Aa

A

PROGRAM FOR HAUSTEN 2015

Tilskipingane vert i Storsalen og Halli mm. i Nordahl Bruns g. 22, dersom ikkje anna er sagt. Vi tek atterhald om endringar. Sjå

<http://www.sognogfjordanelaget.no/>

<http://sognogfjordaneringen.no>

<http://sognogfjordaneringen.no/461-2/>

Laget sin konto er **0531 27 71723**

Opplysingar om folkedanstilskipingar finn ein på <http://folkedans.com/> og <http://www.bls.no/index.php?pubid=kalender&>

Kvar tysdag	Kl. 19–21.45 Folkedansøving i Storsalen. Første gong 25/8.
Torsdagar	Raspeball-/kake/klubb på Kaffistova i Rosenkrantz gate 8. Då er det ofte einkvan frå laget der. Med medlemskort i Sogn og Fjordanelaget får du rabatt.
Laurdag 19/9	Nordfjordhytta 55 år, jubileumshelg
Laurdag 17/10	Smalahove på Pustut (Sunnfjordhytta) i Lillomarka
Søndag 25/10	Minikurs i polskor v/Ringen på Folkedanskvelden
Laurdag 7/11	Klubbefest i Sogn og Fjordanelaget
Søndag 15 & 22/11	Minikurs i vestlandsspringar v/Ringen på Folkedanskvelden
Tysdag 8/12	Juleavslutting i Ringen

Lagsavisa Tre Fjordar - fristar mm.

Frist for innsending av stoff til neste avis er **1/12**. Utsendinga vert om lag ei veke etterpå. Vi er takksame for stoff til bladet. Så langt råd er ønskjer vi det sendt til agnar.kvellestad.krøllalfa.nmbu.no. Alternativt til Agnar Kvellestad, Olaf Bulls vei 14C, 0765 Oslo. Bilete er velkomne; helst digitale, men vi tek også imot papirkopiar. Spørsmål kan rettast til Agnar Kvellestad, Ragnvald Halset eller Elin Lovise Folven Gjengedal. (tlf.nr. på baksida).

STYRET

Leiar:	Anny Sollid anny.solid.krøllafa.online.no	22 61 38 88(p)
Kasserar:	Hilmar Nummedal hilmar.krøllalfa.getmail.no	22 68 92 78 (p) - 92 06 72 63

PRESSE & PR

Leiar:	Agnar Kvellestad agnar.kvellestad.krøllalfa.nmbu.no	22 49 45 96 (p) - 90 53 36 96
--------	--	-------------------------------

HYTTESTYRET

Leiar:	Agnar Hegrenes agnar.hegrenes.krøllalfa.nilf.no	22 19 30 89 (p) - 22 36 72 56 (a)
--------	--	-----------------------------------

Kontakt Sunnfjordhytta:	Andor Gjelsvik andorgj.krøllalfa.frisurf.no	21 92 02 05 (p) - 91 55 10 58 (a)
-------------------------	--	-----------------------------------

Kontakt Nordfjordhytta:	Dagfinn Aa daa.krøllalfa.ssb.no	67 90 61 34 (p) - 21 09 48 02 (a)
-------------------------	--	-----------------------------------

SGN OG FJORDANDERINGEN

Leiar:	Valbjørg Grønvik valbjorg.gronvik.krøllalfa.gmail.no	48 18 28 98
--------	--	-------------

Sendar: **SGN OG FJORDANELAGET I OSLO**
Nordahl Brunsgate 22
0165 Oslo
